

2024



Årsmelding

Eli Skåland Tveitane

## Innhald

Om Norheimsund indremisjon .....	2
NIM arbeidet i 2024.....	2
Fellesskapsutvikling.....	5
Evaluering av satsingsområda 2024.....	5
Satsingsområde 2025.....	6
Mål for det vidare arbeidet.....	6
Rekneskap .....	6

## Norheimsund indremisjon (NIM)

Norheimsund indremisjon er tilslutta Indremisjonssamskipnaden (IMS) som igjen er tilslutta Indremisjonsforbundet (IMF). Arbeidet skjer i Norheimsund bedehus som laget eig og driv sjølv. Laget hadde i 2024 60 betalande medlemmer (62 i 2023).

Styret har i 2024 hatt følgjande samansetjing av valde medlemmer: Eli Skåland Tveitane (leiar), Tore Skeie (nestleiar), Brit Gjerde Voster (skrivar), Vidar Grindheim (styremedlem), Rune Gangstø (styremedlem), Solveig Norheim (1. vara og kasserar). Årsmøtet vedtok at val av styre kunne godkjennast utan 2. vara. Styret har gjennomført 8 styremøte (av desse ei samling med strategidrøfting), eitt medlemsmøte, og handsama 51 (59) saker i 2024 (2023). NIM leiarteam vart etablert i 2023 med medlemene Ragnhild Skeie, Geir Johnny Undal, Herdis Austevoll og Eli S Tveitane (leiar). Ungdomsarbeidaren leverer rapportar frå arbeidet, men deltek ikkje i møta. Leiar-temaet har hatt to møter vår og tre hausten 2024, eitt var strategisamling saman med NIM-styret. Ragnhild Skeie bad om permisjon frå NIM leiarteam etter våren p.g.a. manglande kapasitet og avslutta nyåret.

Husstyret har hatt følgjande samansetjing: Hans Gravdal (leiar), Arthur Strømme (nestleiar), Ingrid Selvik Undal (skrivar), Sissel Svåsand (styremedlem), Inger Sofie Moldsvor (styremedlem), Harald Voster (1. vara), Vidar Grindheim (2. vara, han har delt leiarvervet med Hans Gravdal).

Valkomiteen har hatt følgjande samansetjing: Borghild Tufteland og Ole Bjørn Kristensen. Frå styret har Tore Skeie møtt. Komiteen konstituerte seg sjølv. Hans Soldal er revisor.

Vidar Sangolt har vore tilsett i 15 % stilling, der 10 % er knytt til ungdomskoret og 5 % til andre oppgåver som utleige og heimeside. Julie Haaberg er felles barne- og ungdomsarbeidar for Øystese indremisjon og Norheimsund indremisjon i 50% stilling. Ho har hatt ansvar for ungdomsklubben Origo, og større ungdomsarrangement som LINK, samt støtte til ungdomskoret og Småbarnstreff. (Stillinga vart i 2024 utvida med 10% som ØIM har teke ansvar for).

## Om NIM arbeidet i 2024

Frammøtet på allesamansamlingar er mest tilbake til nivå før pandemien, med i snitt 80 i haust med stort og smått (65 i vår). 11 samlingar om våren, 8 om hausten. Både lokale talarkrefter og tilreisande tek del, etter påske hadde me ei fin møtehelg med Svein Granerud. Over 50 ulike namn står på ansvarsmatrisa for allesamansamlingane! Barnegruppene er det framleis svært varierende frammøte til, 15 - 20 born i snitt fordelt på to grupper; born opp til og med 4. klasse og frå 5.klasse oppover. Tilbodet for between-gruppa er godt i gang med ungdommar frå Framnes som trufaste leiarar. Det har vore drøftingar med den som organiserer preikelista i kyrkja om å få ei meir føreseieleg fordeling mellom kyrkja og bedehus, at det kan vera annankvar søndag på kvar plass. Viljen er god, men vert ikkje alltid gjennomført av ulike grunnar. Det har ført til unødvendig parallelle arrangement. Styreleiar arbeider for ei gjensidig forståing og færre dobbeltarrangement.

*Sommarope* bedehus tysdagskveldar m/bibelsamtale og bøn vart også dette året arrangert gjennom heile sommarferien med 8- 10 deltakarar. Tilbakemeldingane var gode.

Fleire ulike grupper for barn og unge har faste aktivitetar i løpet av veka og året. Annankvar måndag har *Junior Ving* med 18 betalande medlemmer (22 i 2023) eit populært tilbod for barn frå første til fjerde klasse. Dei har aktivitetsgruppene: mat, foto, hobby og frileik. Det startar med felles andakt med Shine, så aktivitetar i grupper og felles mat. Nye leiarar har kome til.

*Shine* med ca 11 betalende medlemmer (15 i 2023) øver kvar måndag. Ranveig Bjelland er dirigent. Koret samlar noko fleire enn dei betalende medlemene, og opptrer til oppmuntring for mange både på allesamansamlingar, på familiearrangement i kyrkja og på Toloheimen.

Det har ikkje vore tilbod for borna i 5.-7- klasse i år.

Ungdomsarbeidet har hatt eit innhaldsrikt arbeidsår med ungdomsarbeidar Julie Haaberg i spissen. *Ungdomsklubben Origo* hadde 75 betalende medlemmer (69 i 2023) Samlingane inneheld andakt, ulike aktivitetar og kiosk. 26 samlingar fredagskveldar veksla mellom Øystese og Norheimsund bedehus (hausten var alle samlingar i Øystese bedehus grunna vanskeleg tilkomst utbygging av Kvam vidaregåande skule). Origo-styret tek ansvar med opplegget under god leiing av ungdomsarbeidaren, og det er stort sett 1-2 andre vaksne med på samlingane. Mange ungdommar frå Framnes har blitt utfordra til å ha andaktane, det er inspirerande for dei andre ungdommane. Målet for ungdomsklubben er at ungdommane skal bli kjende med Jesus og bli bevart i trua! I 2024 vart det arrangert to *LINK*-helger. I februar var over 100 ungdommar med gjennom helga, i tillegg var en del ungdom innom på enkelt møter eller aktivitetar. Programmet for helga var variert med møter, bibeltimar, seminar, lovsongskveld, aktivitet, underhaldning, mat og kafé. I november var det over 160 ungdommar med på eit tilsvarande opplegg. Eit godt lokalt band leia lovsongen på begge samlingane som hadde både lokale og tilreisande talarkrefter. Me gler oss over gode samlingar og at fleire ungdommar har teke imot Jesus på *LINK*-samlingane!

*MiniTREFF* er ei samling for barn mellom 0-6 år med foreldre eller andre vaksne annankvar tysdag i Øystese bedehus med Julie Haaberg som leiarar. Minitreff har 25 betalende medlemmer, men ca 40 brukar vera med på samlingane som inneheld andakt, song, aktivitetar og leiker. I 2024 var det 15 samlingar og ein juleverkstad som samla 80 framømøtte, også folk som vanlegvis ikkje går på bedehuset. Målet er å skapa fellesskap i familien, på tvers av barnefamiljar og at born tidleg kan bli kjend med Jesus.

*Ungdomskoret* har i 2024 hatt 39 registrerte medlemmer (42 i 2023). Koret byter på å ha øving i Norheimsund og Øystese bedehus måndagskveldar. Palmehelga gjekk turnéen til Haugalandet med 45 deltakarar. Dei hadde fem konsertar. Alle betalte turen sjølve og koret samla inn i overkant av 50000 kr. til Agenda1 i Mali. 20. november gav koret ut den nye julesongen «Desembernatt», laga av dirigent Vidar Sangolt og miksa av Bjørnar Sangolt. Songen har no 20000 avspelingar på Spotify!Prosjektet vart støtta av Kvam herad, Øystese og Norheimsund indremisjon i tillegg til gåver frå privatpersonar. Stor takk til dirigent Vidar, miljøarbeidar Julie og styreleiar Alise Haughom for den gode og viktige innsatsen dei gjer blant ungdommane!

*KRIK Kvam* starta opp i 2023. No er dei 10-12 som møter, det varierer noko. Konfirmantar har også vore med to gonger, og nokre kom igjen. Samlingane er fredagar kl 16.30 – 19.00, så vert det ordna skyss vidare til Origo når det er i Øystese. Aktivitetane varierer mellom leik, fotball, spikeball og kanonball.

*NIM Unge vaksne* starta opp etter haustferien 2024 som eit kristen tilbod på bedehuset for unge vaksne (i 20-30 åra). Samlingane består av lovsong, andakt og uformell samtale rundt bordet med enkel servering. Det har vore tre samlingar annankvar tysdag i ungdomssalen før jul. Framømøtet har variert frå 6 til 12 framømøtte. Målet er å gje kristne og andre interesserte unge vaksne eit tilbod om samlingar, der ein kan dela tru og fellesskap.

*Bønemøta* kvar tysdags morgon har ei trufast gruppe på omlag 6-12 vore samla 50 gonger i 2024. Dei ber for personar i bygda som opplever sorg og sjukdom, arbeidet i bedehus og kyrkje, forfølgde, lokalsamfunnet, land og folk.

*Bønneringen* har framleis 18 trufaste forbedarar, det er sjølvstøtt og ope for fleire. Innmelde forbønsemne varierer over tid, men målet er å stå med folk i deira trong til nytt liv, i utfordringar og påkjenningar, og på den måten opne opp for erfaringar av Guds nærvær og hjelp. Eit ønskje er å få fleire tilbakemeldingar om korleis det går. Plan for det nye året er gjerne å koma i gang med ei årleg samling for forbedargruppa. Kanskje bør ein også på enkelte møte minne om denne tenesta.

*Tysdagsmøta* vart haldne om lag annankvar veke, totalt 16 (15 i 2023). Tema-samlingar om våren med lokale og tilreisande talarar, og bibeltimar med fokus på dei tre Johannes breva om hausten fungerte godt. Lokale seniorprestar underviser. Frammøtet har vore godt, ca. 50, flest 50+. Målet med tysdagsmøtet er å styrkja trua og fellesskapet både gjennom forkynning og deling med kvarandre. Tysdagsgruppa opplever at samlingane er viktige møtepunkt, der det som oftast er nokon som har noko å dela. Det er ynskje om å ta med bønemne frå arbeidet blant barn og unge.

*Andre større samlingar* i regi av NIM: 17. mai-festen vart gjennomført som vanleg og med fullt hus! Forsamlingsturen vart i lag med Tørvikbygd indremisjon vart eit innandørs arrangement sidan veret vart for dårleg til å samlast på Augestadstølen. Ca.10 møtte frå Norheimsund. Det vart arrangert julefest 4. juledag med juleprogram, enkel servering og juletrengang til slutt. Ca. 40 tok del, fleire familiar kjem med sine tilreisande julegjester. Det fungerer som eit lågterskeltilbod, der det er lett å få med litt andre folk!

Det har ikkje vore eigne lovsongkonsertar i 2024, men nytt lydutstyr gjer det mindre krevjande å arrangera framover.

*Språkkafe* (i samarbeid med KIA) for våre nye landsmenn gjekk fast kvar onsdag kl 14.30-16.00 heile året (følgjer skuleruta). Minst 7-10 møtte på samlingane i haust, om våren var det færre. Det er fem pensjonistar som deler på ansvaret for språkkafeen. Me tok initiativ til ein felles Internasjonal kultur- og korgafest for språkkafeane og AOF-språkkurs. Fleire bidrog med program og mat frå mange land + basar med årar. Eit vellukka prosjekt dei ønskjer i reprise.

Det vart til saman 13 samlingar med *andakt på Tolo Omsorg og Toloheimen* (13 i 2023). Det vart halde andaktar på begge plassane i forbindelse med påskehelga. Både bebuarane og personalet set stor pris på desse andaktsstundene!

Ei gruppe frå NIM har teke initiativ til *bøneinspirasjonshelger for kvinner* to gonger i året. Det samlar damer frå Hardanger og området rundt til inspirasjon for å be for det kristne arbeidet og folk i bygdene våre, og bli utrusta til teneste. Me har vore 10-12 frå ni ulike stader i Hardanger + Voss, Bergen og Sotra! Samlingane går vidare i 2025, men me vurderer å dela oss for å få med fleire bygder både på sørsida og nordsida av fjorden.

*Felles bønneveke* vart arrangert i Norheimsund kyrkje tredje veka i januar. Fredag var det stor samling med Olav Eikemo som snakka om bøn. Laurdag var det musikk, tekstlesing og bøn kvar time, høve til bønnevandring, samt tidebøner, og ei songstund med Nancy Karine Sangolt. Mange var innom i løpet av dagen.

*Ein God Dag 2024* vart me åleine om å gjennomføra i slutten av mai. 9 oppdrag med hagearbeid, husvask og småreparasjonar i tillegg til gratis vaflar i Grove. 10 frå bedehuset var med på dugnaden og i tillegg 3 frå språkkafeen og ein Framnes-elev. Her var det både jobbing og språktrening!

IMS gjennomførte sin årlege forsamlingskonferanse i Norheimsund i mars, der me berre har praktisk ansvar. Godt frammøte og gode tilbakemeldingar på opplegget.

Indremisjons-forbundet sin sjuande leiarkonferanse på Straume Forum og Bibelskulen på Bildøy gjekk som normalt og med svært god oppslutning. NIM-styret har også delteke på IMS sine halvårlege styresamlingar i Hardanger, der det er undervisning og deling av erfaring om forsamlingutvikling. Me ønskjer å vera til inspirasjon for ulike kristne leiargrupper i Hardanger og området rundt.

Samrådsmøtet med kyrkjer og indremisjonar hadde eitt møte våren 2024 med sokneprest Vetle Karlsen Eide, seniorprest Roar Strømme og representantar både frå NIM og ØIM.

Mange folk er i sving på bedehuset, Styret vil igjen takka alle som legg tid og krefter ned i arbeidet på bedehuset på eine eller andre måten! Me ønskjer å vera eit raust, godt fellesskap om Jesus, vår Frelsar. Så ønskjer me også å gjera ein forskjell for lokalsamfunnet vårt og i det verdsvide misjonsarbeidet.

Styret takkar for godt samarbeid med brukarar frå andre organisasjonar og private som held konfirmasjons-festar, årsmålsdagar og minnemøter. Det godt utrusta kjøkkenet er alt for lite i bruk. Samarbeidet med AOF fungerte godt i haust då dei nytta ungdomssalen til norskkurs, det kan frå begge partar vera aktuelt ved eit anna høve.

## Fellesskapsutvikling

«Vi vil vera ei Jesus-fokusert forsamling med verdsvidt perspektiv som ærar Gud, deler tru og liv, og får med fleire» er visjonen vår. Våren 2024 var temaet «Bare Jesus», med vekt på opp-perspektivet. Hausten var temaet «Jesus sa: Følg meg!» med fokus på kva det betyr å følgja Jesus i dag.

Medlemsmøtet på våren var prega av at rådmannen i Kvam herad bad om løyve frå heradstyret til å forhandla om kjøp av Norheimsund bedehus. Elles drøfta me korleis me kan få til fleire smågrupper. På medarbeidarfesten på hausten fekk me ei god erfaring med å dela erfaring med «kva Jesus betyr for oss personleg i dag». Om me skal våga å vitna for ikkje-kristne, må me trenast på kva me kan seia.

NIM leiarteam er eit viktig forum for å betra kommunikasjonen mellom ulike grupper i NIM. Det er mykje godt arbeid som skjer på bedehuset, men det er viktig at leiarteamet jamleg drøftar leiarsituasjonen og rekruttering og gjev oppmuntring til frivillige leiarar som står på år etter år!

Misjonsprosjektet vårt held fram: Misjon i Mali med støtte til Bergfrid Almelid (NLM) og Therese Glendrange (Normisjon), informasjon, forbøn og gåver. Therese var innom også i år, elles held me oss oppdatert via informasjonsbrev og nettsider.

## Evaluering av satsingsområda 2024

- **Vidareutvikling av NIM leiarteam og samhandling mellom dei ulike gruppene**  
Medlemmer av leiarteamet har kontakt med undergruppene ca. to gonger i semesteret. Tilbakemeldingane vert drøfta og tiltak foreslått. Aktualiserte tema vert teke opp i den grad det er tid for det, det kan gjelda samarbeid mellom ulike grupper eller leiarskifte.
- **Oppmuntra til nye småfellesskap/grupper for å styrkja det nære fellesskapet der det er naturleg å dela tru og liv.**  
Visjonen vår er «Vi vil vera ei Jesus-fokusert forsamling med verdsvidt perspektiv som ærar Gud, deler tru og liv, og får med fleire». Viktige verdiar er Gudstilbeding, disippelkultur, rausheit og hjartevarme. I 2024 var det særleg fokus Jesus-fokus og disippelskap, sjå avsnitt

om forsamlingsutvikling over. Men kor mykje deler me tru og liv med nye som treng å bli kjend med Jesus? Styret meiner at smågrupper er eit viktig supplement til forsamlinga, for i mindre grupper kan ein dela meir personleg, og enklare for nye å koma inn. Me har kanskje ikkje kultur for å få med andre nye enn dei som kjem sjølv. Nokre har også erfaringar frå smågrupper som ikkje fungerer. Det er berre éi ny gruppe i 2024, NIM Unge Vaksne. Det er me veldig glad for, men styret ønskjer å jobba vidare med dette i 2025.

- **Evaluera søndagsskulen og gje arbeidet med borna nytt løft.**

Småbarnsforeldre er travle, så det har berre kome tre tilbakemeldingar om barnegruppene søndagar. Mykje er bra i den minste gruppa med måten samlingane er lagt opp på. For Betweenes-gruppa er det kjekt med aktivitetar, men det kan gjerne vera meir variasjon. (No har KRIK fått kjøpt inn meir utstyr, så det vil gjera det enklare med ulike aktivitetar i gymsal.) Det er også poengtert at andaktane ikkje treng vera superkorte, borna treng også opplæring, men tilpassa deira trinn. Det vert også etterlyst å prøva AWANA- opplegget igjen etter nyleg revidering. Erfaringane med Aldri Alene for Betweenesa har ikkje vore så gode. Skal me prøva nye opplegg må fleire vaksne vera involverte.

- **Styrkja samarbeidet med andre grupper i Hardanger.**

IMS har arrangert styresamling to gonger i 2024 for indremisjonslaga i Hardanger. Det er nyttig å ha felles undervisning, erfaringsdeling m.m. ei gong i semesteret. Det er til stor inspirasjon for mange å sjå at ein ikkje står åleine, læra av kva andre gjer og vera fleire til å be om fornying og vekst. Som største forsamling i området bidreg me også med undervisning og erfaringsdeling. Bøneinspirasjonssamlingane samlar kvinner frå ulike deler av fjorden. Det har vore eitt besøk til Vines i 2024.

## Satsingsområda 2025

- Modellera husgruppefellesskap for å styrkja det nære fellesskapet der det er naturleg å dela tru og liv med dei som ikkje er kristne men interesserte.
- Arbeida for meir utrustande leiarskap i organisasjonen, også til styreverv.
- Styrkja samarbeidet med Øystese indremisjon og andre grupper i Hardanger.

## Rekneskapen

Styret kan igjen leggja fram eit positivt resultat i årsrekneskapen. Me er takksame for den gode støtta økonominemnda gjev i å følgja opp arbeidet. Framleis er det elektroniske kollektar og skattefri gjevarteneste til ungdomsarbeid og drift som er ryggrada i økonomien. Styret ser gjerne at me kan bli fleire som blir med på støtta til ungdomsarbeidar (gjevarteneste med skattefrådrag for gjevaren) slik at inntekter dekker alle kostnader. Ungdomsarbeidet er viktig og på stigande, og det strengst tilsette for å organisera og engasjera dei frivillige i det.







I år ligg inntekter litt over det budsjetterte, mens utgiftene ligg under. Straumstøtta har hjulpet oss også i år, og momskompensasjon hjelper på. Me takkar alle glade gjevarar for god økonomi i laget! Så er det er kjekt at me også kan senda kollektar vidare til misjonsprosjektet og andre organisasjonar som held talarar (til saman over kr. 17 000) i tillegg til årleg IMS-støtte (til saman 11%), og at me ikkje berre tenkjer på oss sjølve i økonomien!

Inkludert momskompensasjon og finansinntekter fekk me eit overskot på kr 57 681! Me hadde eigentleg tenkt å isolera vestveggen av Bedehuset, men dette vart sett på vent grunna utspelet frå Heradet om å kjøpa huset. Dette, saman med utleiga til AOF er forklaringa på det høge overskotet.

Samla inntekter er kr 668 229 (kr 589 813 i 2023). Samla utgifter vart kr 613 240 (kr 555 998 i 2023). 99% av kollektinntektene kjem no inn via VIPPS. Ved utgangen av 2024 hadde me kr 411 114 i banken.

Norheimsund, 29. januar 2025

Styret for Norheimsund indremisjon

 _____	 _____	 _____
Tore Skeie	Rune Gangstø	Brit Gjerde Voster
 _____	 _____	 _____
Vidar Grindheim	Solveig Norheim	Eli Skåland Tveitane